




Lom kommune

Informasjon frå Lom kommune

Lomsnytt nr 2 - 2009

Fulldistribusjon



Gjestfritt og nyskapande



Bilete frå Liv i Lom,
Sjå side 6 og 7.



Kulturminneåret 2009.
Sjå side 8 og 9.



Om ungdomsklubben.
Sjå side 11.

Utgjevar:

Lom kommune

Midtgard

2686 Lom

Telefon: 6121 7300

Faks: 6121 7301

Epost: post@lom.kommune.no

<http://www.lom.kommune.no>

Vellukka nettsatsing



I den årlege kvalitetsundersøkinga av offentlege nettstader fekk vi seks stjerner av seks moglege, og vi vart best i Oppland.

Les meir om <http://www.lom.kommune.no> på side 3.

Kva er egentleg ein nasjonalparklandsby?



I 2008 vart Fossbergom peika ut som nasjonalparklandsby av Miljøverndepartementet. Det er fem stader i landet som har fått denne eksklusive statusen. Målet er å styrke lokal verdiskaping med utgangspunkt i nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Les meir på sidene 4 og 5.

Takk for 2009

Juleførebuingar er så mangt

For kommunen markerer desse dagane endepunktet for eit langvarig arbeid med budsjett og økonomiplan. Sidan kommuneøkonomien dei siste åra har gjeve oss armslag til gradvis å utvide aktiviteten i kommunen, er det sjølvstøtt utfordrande når vi ser at den økonomiske veksten flatar noko ut. Vi hadde ynskt oss romslegare økonomi i 2009, men vi har framleis handlingsrom som gjer oss i stand til å oppretthalde eit godt tenestenivå på alle område i Lom kommune.

Vidareutvikling av næringslivet

Det er også gledeleg å sjå at sjølv om ei internasjonal finanskrisa har lagt ein dempar på mykje kreativ utvikling, kan vi likevel sjå attende på eit år med mange nyetableringar og ei betydeleg vidareutvikling av eksisterande næringsliv i Lom.

Nasjonalparklandsby

Satsinga på Lom som nasjonalparklandsby er i ferd med å feste seg som eit breitt partnerskap der også lokale bedrifter ser moglegheiter. Klimapark 2469 er eitt av fleire spanande moglegheitsrom som er knytt opp mot satsinga på nasjonalparklandsbyen.

Breheimen nasjonalpark

2009 her gjeve oss den nye Breheimen nasjonalpark. Det representerer også spanande moglegheiter der Regjeringa for fyrste gong, utanom forsøksordningar, har gjeve opning for lokal forvaltning. Vi er i gang med å utvikle forvaltningsordninga for Breheimen.

Hamsunåret

Hamsunåret er også over. Det vart ein stor suksess med markeringar både i Lom og Vågå. Og det som kunne utarta seg til ein krangel om Knut Hamsun sin fødestad, vart i staden eit samarbeid som løfta den store forfattaren fram både nasjonalt og internasjonalt.



Ordførar Simen Bjørgen

Utviklinga i folketalet

Folketalsutviklinga er hovedutfordringa. Sjølv om det er vekst i folketalet i Lom så langt i år, trur eg ein må sjå meir langsiktig på desse trendane. Difor er det nok viktig at vi framover viser enda større evne til kreativitet og nytenking med fokus på tiltak som kan bidra til å snu utviklinga. Målretta arbeid med langsiktige strategiar byggjer og utviklar framtidsbygda vår. Visjonen gjestfritt og nyskapande dannar rammeverket rundt dette.

Kom med forslag!

Vi har store utfordringar også framover. Men utfordringar løyser alltid vi best saman.

Har du forslag til noko som kan gjerast betre i Lom, er du alltid velkommen til å ta kontakt med meg, andre politikarar eller administrasjonen.

Eg takkar med dette alle tilsette, politikarar og alle engasjerte lomværar både innanbygds og utanbygds, for eit godt samarbeid i året som snart er over.

**Eg ynskjer alle ei god jul
og eit godt nytt år.**

Seks stjerner til den nye nettstaden vår

Lom kommune lanserte nye nettsider 13. oktober i år. I den årlege undersøkinga av kvalitet på offentlege nettstader fekk vi seks stjerner av seks moglege. Totalt kom vi på åttande plass av 684 undersøkte nettstader, og vi vart best i Oppland.

Vi la ned mykje arbeid i å utforme nettsidene slik at dei skulle vera



tilgjengelege for alle. Vi er difor godt nøgde med at vi i den viktigaste kategorien (tilgjengelegheit) fekk 30 av 31 poeng. Totalt oppnådde vi 87 av 99 moglege poeng (88%).

Vi er svært godt nøgde, men vi ønskjer og å bli betre.

Vi set difor stor pris på **di** mening om nettsidene!

Nettprat - Raske spørsmål og raske svar

Du kan koma i kontakt med oss på mange forskjellige vis. Vi har døgnopne sentralbord, vi er tilgjengelege på e-post, og du kan sjølvsagt også koma innom kommunen.

Med lanseringa av nye heimesider kan du no også ta kontakt med oss ved hjelp av **nettprat**.



Prøv nettprat neste gang du er innom nettsida!

Løysinga passar best for konkrete spørsmål. Om du ønskjer det, kan du få tilsendt ein kopi av dialogen på e-post.

Servicetorget er tilgjengeleg for nettprat i opningstida. Ordførar Simen Bjørgen er og tilgjengeleg når han har moglegheit for det.

Sjå også innom www.lom.no

Undervgs i arbeidet med nye heimesider, var det eit viktig mål å få til ein oversiktleg nettstad med det aller viktigaste innhaldet lett tilgjengeleg.

Den 13. oktober var lanseringsdato. På kommunenettstaden er det tilgang til elektroniske skjema, og du finn informasjon om kommunale tenester, politikk og saker, organiseringa i kommunen og aktuelle nyheiter.



Samstundes med den nye kommune-nettstaden lanserte vi også nettstaden <http://www.lom.no>.

Her har vi "plassert alt det andre" som er viktig, men som ikkje direkte er ein del av kjerneverksemda.

På <http://www.lom.no> finn du m.a.:

- informasjon om Lom, attraksjonar og bygda
- lag, organisasjonar, aktivitetar og arrangement
- prosjektet "Liv i Lom" og nasjonalparklandsbyen

Kva er egentleg ein nasjonalparklandsby?

I 2008 vart Fossbergom peika ut som nasjonalparklandsby av Miljøverndepartementet. Det er fem stader i landet som har fått denne eksklusive statusen. Målet er å styrke lokal verdiskaping med utgangspunkt i nasjonalparkane Jotunheimen, Reinheimen og Breheimen.

Nyskaping er kjernen i satsinga

Kjernen i statusen er verdiskaping og natur. Lom har ”gjestfritt og nyskapande” som visjon, og har difor valt å satse på tiltak som kan gje meir innovasjon. Lokalsamfunnet må støtte opp om initiativtakarar i næringslivet og friviljug sektor. Eksempel på tiltak som er gjennomførte er:

- Entreprenørskap i ungdomsskulen, egne opplegg i 8., 9. og 10. klasse.
- Kurs i entreprenørskap for lærarar på ungdomsskulen.
- Kurs i skaparkraft og kreativitet for pedagogiske leiarar i barnehagane.

- Inspirasjonskveldar for næringsliv, tilflyttarar og andre med humørbonde Geir Styve.
- Landsbykafé for næringslivet.
- Etablering av Liv i Lom-fondet.
- 14 personar frå ulike institusjonar i Lom er sertifiserte som oppmuntringsagentar og har lært verkty for idéutvikling.
- Studietur til nasjonalparklandsbyen Vingelen, Røros og Funäsdalen med fokus på nyskaping i reiselivet ut frå tanken om berekraftig utvikling.



*Entreprenørskap i barnehagen:
Kursdag i kreativitet for dei pedagogiske leiarane i barnehagane i Lom.
Til høgre: Kursleiar Karin Rønningen i Ungt Entreprenørskap Oppland.*

Eit livskraftig lokalsamfunn

Det er mykje kunnskap om nasjonalparkane blant folk i Lom. Satsinga på nasjonalparklandsby er avhengig av at fleire får ta del i denne kunnskapen. Det har vore fleire arrangement som gjer at denne kunnskapen kan delast, slik som opningsarrangementet av Lom som nasjonalparklandsby, landsbydagen i mai 2009 og opning av Breheimen nasjonalpark

i august. Andre satsingsområde for nasjonalparklandsbyen er stadutvikling og miljø. Det er laga ein plan for stadutvikling. Sist sommar vart fleire stigar ut frå sentrum og Bergomsrunda rusta opp og merkt på nytt. Det er utnemnt miljøagentar i barneskulen, og det har vore ein kampanje for ”Posefritt Lom”.

Ny oppmerking av bergomsrunda og andre stigar.



Nasjonalparklandsby og nasjonalparkkommune

Lokal organisering

I Lom er det landsbyrådet som er pådrivar for å utvikle nasjonalparklandsbyen. Her sit representantar frå reiselivet,

formannskapet, Norsk Fjellmuseum/ Jotunheimen nasjonalparksenter og administrasjonen i kommunen. Formannskapet er styringsgruppe.

Nasjonalt nettverk

Lom har teke initiativet til eit nasjonalt nettverk for nasjonalparklandsbyane Jondal, Vingelen, Geilo, Storslett og Lom. Dei fem stadene skal syte for

erfaringsoverføring og marknadsføre Noregs nasjonalparklandsbyar. Ordførar i Lom, Simen Bjørgen, er leiari av styringsgruppa for nettverket.

Verdiskapingsprogrammet for naturarven

Noregs nasjonalparklandsbyar vart plukka ut som satsingskommunar gjennom verdiskapingsprogrammet for naturarven som vart lansert i år. I eit 5-årig program blir nettverket tilført

midlar til lokale tiltak i landsbyane og til å marknadsføre landsbyane mot turistar. I 2009 har Lom fått midlar til å oppruste Bergomsrunda gjennom dette programmet.

Kriterium for utnemning som nasjonalparklandsby:

- Tilreisande skal føle at dei kjem til eit livskraftig samfunn som har ein naturleg plassering i nasjonalparkane.
- Landsbyen skal fungere som eit servicesenter som byr fram god informasjon, overnatting, servering og sal av mat.
- Det må og vera tenester retta mot nasjonalparkane som guiding og tilrettelegging.
- Nasjonalparklandsbyen skal stå fram som kulturberar med medvit om egne tradisjonar, og kunne by fram opplevingar og produkt med lokalt tilsnitt.
- Nasjonalparklandsbyen skal ha ein statutviklingsplan og profilere at ein ligg nær nasjonalparkane.



Humorbonden Geir Styve samla 110 personar til inspirasjonskveld for næringsdrivande som vart arrangert i samarbeid med Vågå kommune.

To elevbedrifter produserte og selde ein kolleksjon med profilklede for Liv i Lom.

Til venstre dagleg leiar i "Jeintutein" Laura Overli, til høgre dagleg leiar i "Smaken av det søte" Hanne Eggen.



Deltakarar på fest for frivilljuge leiargar i 2007, utanfor staselege Andvord gard.



*Miljø- og omdøgn
Magnbild Meltveit
fjekk svanemer*



ktet “Liv i Lom”



Sosialt fellesskap, servering av lokalprodusert “Bøverburger” og skuleikaktivitetar under Vinterfestivalen Bøverbrus 2009.



*Sammetiltak: Statsrådene
Kleppa og Erik Solheim
tok handlenett frå Lom.*



*Festivalsjef Marit Sletten i Bøverbrus 2009 saman med kunstnar
Live Sullheim som teikna eit utval av dei 150 ideane frå framtid-
verkstaden inn på eit nytt framtidskart over Boverdalen.*



*Boverdølane tok Noregsrekorden i butikkø utanfor
nærbutikken under Vinterfestivalen Bøverbrus 2009.
Køen mälte 60 meter!*

Lom sine fremste kulturminne

I samband med kulturminneåret 2009 har Lom kommune kåra Lom sine fremste kulturminne. Året har også vore markert på anna vis, ikkje minst på sjølve kulturminnedagen i september.

Luksusproblem

Kulturbygda Lom har svært mange og gode kulturminne. Det var difor eit "luksusproblem" å velje mellom så mange og gode kandidatane. Mange hadde synspunkt og meiningar om dette, ytra på ulike vis.

To favorittar

To kandidatane gjekk likevel att. Både to ruvar på kvar sin måte åleine som det viktigaste kulturminnet. Dei to hovudkandidatane står for grunnpilarane i Lomssamfunnet opp gjennom hundreåra: helg og yrkje, kvardag og kyrkje, noko å leva av og noko å leva på. Ikkje minst lomværanane sitt eige uttrykk fortel om dette samspelet på sin måte:
"Vil Vår Herre gje oss sol, skal oss sjølv balde oss vete".

Vatninga og Lomskyrkja

Dei to kåra kulturminna er **vatningskulturen** i Lom og **Lomskyrkja**. Både kyrkja og vatninga har endra seg mykje i vår tid. Det gjer ikkje dei to mindre viktige som kulturberarar og kulturminne for å fortelje om og minne på kva grunnkulturar og grunnverdiar folk i Lom opp gjennom hundreåra har bygt liva sine, næringsgrunnlaget og bygdesamfunnet på.



Lomskyrkja, ber i haustprakt, står i ei særstilling som kulturminne i Lom.

Særstilling

Det var liten tvil om at både vatningskulturen og stavkyrkja på kvar sin måte står i ei særstilling, sjølv om både Storstabburet, Presthaugen, folkemusikken,

mattradisjonane, fjellkulturen, diktarane, Kollavegen, sagasøyla og mangt anna på kvar sine vis også er unike.



Vatningskulturen står og i ei særstilling som kulturminne i Lom.

Kommunestyrevedtaket

I kommunestyrevedtaket heiter det m.a.:

”Lomskyrkja og vatningskulturen i Lom.

Båe desse har gjennom generasjonar på kvar sin måte vore så unike og grunnleggjande viktige for bygda at dei båe fortener å bli dregne særleg fram som sentrale kulturminne i Lom.”

Kulturminnedagen

Sundag 13. september vart kulturminnedagen feira med to arrangement.

Det eine var ei kulturmesse i Lomskyrkja, der det både var lagt opp til særleg musikk og til og med ein kyrkjekviss.

Det andre var ei vandring langs Nordstrondvassvegen med Nils Sletten som turleiar. Jørgen Vole stelte til stuttrest kjøt og fisk i kokegrop og på glør.

Båe tiltaka var vellykka med mykje folk ein svært vakker haustdag.

Haustkveld under Lomseggen

Like sikkert som vinteren trugar med å trengje seg på, steller Lom kommune til kulturkveld for heile bygda. I år var kvelden eit samarbeid med bokutgjevarane Fossheim, Nordal og Fossberg.

Livet på Bergom

Forfattar Arvid Møller presenterte og signerte boka "Livet på Bergom". Dette var Lomsbok nr. 10 frå hans hand. Møller har eit nært forhold til Lom. Det var difor ikkje tilfeldig at ordførar Simen Bjørgen utnemnde Møller til Loms-ambassadør under haustkvelden.

Allsidig program

Frå scena fekk vi høyre allsidig program med song og spel av elevar frå Lom musikk- og kulturskule, Bakerimusikantane, Lom skulekorps og Lom veterankorps, Gjeling-Ljomen og Lomsklangen. Dessutan var det



Lom kommune sitt kulturstipend gjekk til Hanne Sanden Kolden (t.v.) og Aase Marstein fekk kulturprisen.

verbale innslag og utstilling ved 7. klasse på Loar skule.

Wentzel med sin pensel

Aase Marstein og Gaute Helland presenterte 150-årsjubilanten Gustav Wentzel, som m.a. var direkte årsak til det som framleis heiter Høstutstillingen.

Kake og kaffi i godt lag

Dei tre hotellvertane og bok- utgjevarane spanderte blautkake og kaffi på dei 300 framkomte. Kvelden vart sein, men han gjekk fort. Tida går gjerne fort i godt lag.

Julekonsertar og andre konsertar

Gjennom heile året har vi fått høve til å få med oss mange store opplevingar i form av konsertar.

I det siste har julekonsertane stått i kø. Det starta med "Stjerna fra øst" med Geirr Lystrup og Moskva Balalaika Quartet, Hege Fagermoen og Lomsklangen 2. desember og heldt fram med musikk- og kulturskulekonserten dagen etter.

Sidan har Gjeling-Ljomen med Reidar Svare og Bjørn Kåre Odde halde konsert i Garmo, og ungdomsskulen med støtte frå vidaregåande i Lom samfunnhus no like før jul.

Og om ikkje det skulle vera nok, ligg det an til ein nyttårskonsert tidleg i 2010 og truleg ein konsert med Helene Bøksle og Reidar Svare seinare i vinter.

Tek ein med det som har vore tidlegare i år med m.a. Lars Klevstrand, Stavkyrkjekonserten, Diktarplager, Hamsun på Sognefjellet, Vamp, Lomsk, Stererobrigade, Øystein Sunde og Johan Andersson blir konserttilbodet i Lom både rikt og variert.

Alt i alt har det vore eit år med mykje kultur, mange tilstellingar og mange fine konsertar.

Kva gjer dei på ungdomsklubben?

Kvar fredag samlast eit trettitals ungdommar i Ungdomshuset.
Kvifor gjer dei det? Og kva gjer dei der?

Fredagskvelden

Kvar fredag kl. 18-21 i skuleåret er det ungdomsklubb i Ungdomshuset, d.v.s. gamle Loar barnehage, musikkskulen eller dokterbustaden, om ein vil. Ungdommane er frå 7. klasse og oppover i alder.

Møteplass

Dei kjem saman for å møtast, prate saman, vera saman, spela ulike spel og kose seg som ungdommar. Klubben har ein del ulike spel. Det nyaste og mest populære for tida er lufthockey.

Mat og mannskap

Klubben har ei enkel kioskdirift med sjølvkostprisar. Kvar gong er det ein varmrett på menyen. Det er støtt to vaksne leiarar



Ungdomsrådet i Lom.

Venstre søyle frå toppen: Ole Eggen, Eilen Rossehaug og Bjørn G. Bakke.

Høgre søyle frå toppen: Live Tykkest, Marit Sletten og Rita M. Sivle.

på klubbkveldane. Kven dette er går på omgong. Somme vaksne er der ein gong eller to i året, andre oftare. Alt er dugnadsarbeid. Dei som stiller opp og gjer ein dugnadsjobb for dei unge på fredagskveldane, fortener all ros. Utan deira hjelp hadde vi ikkje kunna drive ungdomsklubben i Lom.

Ungdomsrådet og Ungdomshuset

Det er ungdomsrådet som står bak ungdomsklubben. Huset kan også etter avtale brukast av ungdommar utanom klubbtidene. Ved fleire høve har eldre ungdommar brukt huset til linking.

Stønad frå legat? Frist 22. januar 2010!

Torlaug Kvandalsvolds minnefond

Fondet har som føremål å vera til hugnad og glede for dei som bur i Lom, heimbygda til Torlaug Kvandalsvold.

Desse kan søkje:

- Kyrkjekonsertane i Lom kommune
- Lom helseheim
- Lom pensjonistlag
- Bøverdalen Samfunnslag
- Speidaren
- Skulekorpsa i Lom kommune

Olav Ulmos utdanningsfond

Ledige fondsmidlar skal delast ut til ungdom frå Lom kommune som treng

støtte til vidaregåande eller høgare utdanning.

Barbro og Rikard Marsteins utdannings- og minnefond

Fondet har som føremål å gje økonomisk støtte til utdanning, etablering og drift av næringsverksemd for personar frå Lom kommune som tek meisterutdanning i eit handverksfag.

Primært skal støtta gå til personar innan fagområda snikkar, treskjerar, trevare- og møbelsnikkar og tømrrar.

Kanskje kan du, eller eit lag eller foreining som du er medlem i, vera kvalifisert til stønad frå eitt av desse fonda. Om du trur det, send skriftleg søknad innan 22. januar 2010 til:

Lom kommune
Midtgard
2686 Lom

Merk konvoluttene med namnet på fondet du søkjer midlar frå.

Offisielle vegnamn er innført i Lom

Til å byrje med vert bustadfelt i Lom sentrum, Leirmoen og Frisvoldskogen prioriterte. Alle grunneigarar i desse bustadfeltene får i løpet av året brev om kva adresse eignedomen er tildelt. Kommunen vil byrje arbeidet med merking av vegane i løpet av 2009-2010.

Tildelingsprinsipp

Nummereringa er lik for alle vegane: hus på høgre side er tildelt oddetal

og venstre side partal med stigande verdiar frå vegen sitt utgangspunkt.

Omadressering

Du treng ikkje omadressere/registrere ny adresse hos posten, adresseendringa skjer automatisk. Men du bør melde frå om ny adresse til eigne kontaktar.

Ikkje nøgd med adressa?

Vedtaket om gate-/vegnamn er endeleg og kan ikkje påklagast, men du kan

klage på sjølve nummertildelinga og kva for veg eignedomen skal ha adressa til. Skriv gjerne ei grunngjeving som kan få fylgjer for klaga.

Klagefristen er 3 veker etter at du har fått brevet. Klaga skal stilast til Fylkesmannen i Oppland, men skal fyrst til Lom kommune for behandling. Brevet sendast til Lom kommune, Miljø, teknisk, næring, Midtgard, 2686 Lom.